Til Knut Martin Tande
Fra administrasjonen/JOSP
Dato: 2012 02 09

JUS123 Forvaltningsrett II - litteratur

Det vises til vedlagte to notater fra (midlertidig) kursansvarlig Bjørn Henning Østenstad, datert hhv 15. januar og 9. februar 2012. Det aktuelle kurset starter 19. mars og et vedtak i neste møte i Studieutvalget vil ikke være innenfor de frister som gjelder for endring av kursbeskrivelse.

> Formelt:
> I hht § 9 tredje ledd andre og tredje punktum i Reglement for det juridiske fakultet, universitetet i Bergen kan Studieutvalgets leder fatte vedtak "på utvalgets vegne i mindre viktige saker som ikke er av prinsipiell betydning, samt i saker hvor møtebehandling ikke kan avventes uten vesentlig ulempe for fakultetets virksomhet. I sistnevnte tilfeller skal saken så vidt mulig drøftes med minst en av studentrepresentantene i utvalget før vedtak fattes eller tilråding gis".
>
> Saken her anses å omfattes av denne bestemmelsen.

**Vedtak**:

1. Ny oppføring for Bugges lærebok i miljøforvaltningsrett som erstatning for 2. utgave:
   «Hans Chr. Bugge, Lærebok i miljøforvaltningsrett, 3. utg, Oslo 2011, unntatt kap. 2, 5, 7 og 10.»
2. Ny oppføring for Kjønstad/Syse, Velferdsrett I: Som nå, men sidene 167 – 174 og 177 – 192 strykes.
3. Ny oppføring: «Frå Prop. 91 L (2010 – 2011): Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven): kap. 5 (s. 54 – 56) og kap. 29 (s. 339 – 354).

Knut Martin Tande
prodekan

Til Studieutvalet

# Jus 123: Framlegg til endring i pensum for inneværande studieår

Per i dag er heile boka til Bugge: Lærebok i miljøforvaltningsrett, 2. utg. pensum i Forvaltningsrett II (jus 123).

Det er no kome ny utgåve – 3. utgåve. Denne er om lag 100 sider lenger. Pensum på kurset er allereie omfattande nok. Framlegget mitt er å løyse dette på følgjande måte:

Bugge si 2. utgåve er også – for ein del – pensum på tingsrettskurset (jus 124). Meir presist snakkar vi om følgjande kapittel eller underpunkt i 2. utgåva: kap. 2, kap 4, pkt. 6.1-6.4, og 6.11-6.12 i kap. 6.

Dette etablerer ein overlapp mellom jus 123 (som i tid kjem etter Tingsrett) og jus 124. Dette er uheldig. Vi må kunne føresetje at studentane er kjent med stoffet frå tingsrettskurset. Dette peikar i retning av at problemet med reduksjon i pensum for jus 123 delvis kan løysast gjennom ei teknisk samordning med pensum for jus 124: Då slik at i 3. utgåva til Bugge vil kapittel 2 og 5 (2.utg: 4) kunne utgå i Forvaltningsrett II.

I tillegg kan utgå heile kap. 7 (2. utg.: 6): Dette dels pga. *direkte* overlapping med tingsrettspensum, dels pga. *indirekte* overlapp ved at dei resterande deler av kap. 7 (6) hjå Bugge er dekt inn gjennom bruken av Falkanger, Fast eiendoms rettsforhold på kurset i Tingsrett. Vi må med andre ord kunne føresetje planjussen kjent når studentane tek til med jus 123.

I tillegg kan kapittel 10 i Bugges 3. utgåve utelatast. Dette fordi «Miljøhensyn i vassdragsforvaltningen» blir eit svært spesielt tema.

*Ut frå denne skissa blir det ikkje tale om noko auke i sidetal i pensum i jus 123 ved implementering av Bugges 3. utgåve.*

Eg er vikar for professor Ørnulf Rasmussen dette studieåret som kursansvarleg. Eg har vore i kontakt med han og vi er samde om at vi må vurdere meir grunnleggjande endringar i pensum og fåget sin profil med tanke på neste studieår. Dette også sett i lys av meir overordna prosessar ved fakultetet. Ovannemnde har meir karakter av ei ad hoc-løysing for dette studieåret.

Framlegg til vedtak – ny oppføring for Bugges Lærebok i miljøforvaltningsrett som erstatning for 2. utg.:

«Hans Chr. Bugge, Lærebok i miljøforvaltningsrett, 3. utg, Oslo 2011, untatt kap. 2, 5, 7 og 10.»

Det juridiske fakultet, 15.01 2012

Bjørn Henning Østenstad

Kursansvarleg Jus 123

Til Studieutvalet

# Jus 123: Framlegg til endring i pensum for inneværande studieår – del II

I lys av ein del endringar i helse- og sosiallovgjevinga, gjer eg framlegg om visse justeringar i pensum for Jus 123 (Forvaltningsrett II).

Hovudfokus i pensum og læringskrav er dei materielle reglane, og desse blir i liten grad endra gjennom ny helse- og omsorgstenestelov og endringar i pasient- og brukarrettslova. Likevel er det gjort store strukturelle endringar i lovgjevinga som lærebøkene enno ikkje har fanga inn.

For å gje studentane eit grunnlag for å forstå at pensumlitteraturen knytt til gammal lovgjeving framleis er relevant på dei punkt som blir fokusert under kurset, gjer eg framlegg om å ta inn 2 kapittel frå Prop. 91 L (2010-2011): Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven). Meir presist kap. 5 (s. 54-56): «Sentrale hovedtrekk i lovforslaget» og 29 (s. 339-354): Rett til kommunale helse- og omsorgstjenester – materielle rettigheter. Dokumentet finst sjølvsagt på Internett.

For å hindre at pensum samla sett aukar, gjer eg framlegg om å stryke s. 167-174 og 177-192 i Kjønstad/Syse, Velferdsrett I. Dette er uproblematisk.

*Ut frå denne skissa blir det ikkje tale om noko auke i pensum i jus 123 – sjølv om læreboksider og sider i ein proposisjon klart nok ikkje er heilt samanliknbare.*

Eg er vikar for professor Ørnulf Rasmussen dette studieåret som kursansvarleg. Eg har vore i kontakt med han og vi er samde om at vi må vurdere meir grunnleggjande endringar i pensum og faget sin profil med tanke på neste

studieår. Dette også sett i lys av meir overordna prosessar ved fakultetet. Ovannemnde har meir karakter av ei ad hoc-løysing for dette studieåret.

Framlegg til vedtak:

- Ny oppføring for Kjønstad/Syse, Velferdsrett I: Som no, men vi stryk s. 167-174 og 177-192
- Ny oppføring: «Frå Prop. 91 L (2010-2011): Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven): kap. 5 (s. 54-56) og kap. 29 (s. 339-354).

Det juridiske fakultet, 09.02 2012

Bjørn Henning Østenstad

Kursansvarleg Jus 123